

Føresegner om kommunevåpenet vedteke av Stryn kommunestyre 29. desember 1987

§ 1. DEFINISJON: Stryn kommune sitt våpen fastsett ved Kongeleg resolusjon den 11. desember 1987 er:

På grøn bakgrunn ein venstre skråstilt gull lindekvist med fire blad.

Stryn kommune sitt flagg er: På grøn grunn ein venstre skråstilt gul lindekvist med fire blad. Høvet mellom sidene på flagget skal vere 3:4.

Til dekorativ bruk kan våpenet utformast som vimpel eller hengande banner. Våpenet omfattar alle heraldiske former.

§ 2. GENERELLE FØRESEGNER OM BRUK: Som hovudregel kan våpenet berre nyttast av administrasjonen og institusjonar under utøving av kommunal mynde og til dekorasjon. Bruk av våpenet på suvenirar for sal er ikkje tillete utan særskilt løyve. Våpenet må ikkje brukast slik at det kan oppfattast som privat kjenneteikn. Private kjenneteikn må heller ikkje samanstillast med våpenet.

§ 3. BRUK AV KOMMUNEVÅPENET: Kommunevåpenet skal nyttast med fargar så sant det ikkje ligg føre særskilt løyve. Fargane skal så sant råd vere dei som er definerte i § 1 i desse føresegnene. Kommunevåpenet kan nyttast som eigarmerke på bygningar, bilar og andre gjenstandar. Kommunevåpenet i fargar kan etter nærare vedtak nyttast til jakkemerke o.l.

§ 4. BRUK AV KOMMUNEFLAGG: Kommuneflagget kan heisast når kommunestyret har møte og elles etter nærare vedtak.

§ 5. BRUK AV VÅPENET I FANER, VIMPLAR O. A.: Våpenet kan lagast som bordflagg, tverrskôre eller i vimpelform, til bruk som dekorasjon ved kommunalt tilstellingar. Flagget kan utformast til dekorativ bruk som hengande banner etter nærare vedtak.

§ 6. BRUK AV VÅPEN I STEMPEL OG SEGL: Våpenet kan nyttast utan skjoldinnfatning, med namnet til etaten eller institusjonen i ein innskriftsring langs kanten. Segl kan framstellast som oblatsegl til bruk på dokument, til lukking av konvoluttar o.l.

§ 7. UTFORMING OG UTFØRING AV VÅPENET: Ein kan gjengi våpenet i ulike typar tekniskar og materialar, t.d. plastisk i flatestil, måla, teikna, vove, brodert eller gravert. Kvar einskild utføring av våpenet må følgje dei tekniske og heraldiske kvalitetsnormene med rette fargar, former og proporsjonar.